




Vangen skule

Visjon - Trivnad, tryggleik og læring i eit kreativt miljø



Dagens organisering



1 Kjelde: SSB og Udir

Skuleår	14/15	24/25	30/31	45/46	Endring
Elevtal	228	233	240	253	8,6%
Kapasitet	Normal: 289		Maks: 322		
Kapasitetsutnytting av normal kapasitet		81%	83%	87%	
Gjennomsnitt klassestorleik	32,5	33,2	34,3	36,1	
Gruppestørrelse 1. – 4. trinn (Norm 15)	14,63	16,01			
Gruppestørrelse 5. – 7. trinn (Norm 20)	11,85	20,66			
Tal barn i SFO	102 (64 barn har 100% plass)				

Endring er mellom elevtala i 2024/25 og dei framskrivne elevtal i 2045 (i prosent)

Bemanning


Årsverk leiarressurs	200%
Årsverk lærarressurs	1 863%



Median alder, tilsette	39
Kompetansebehov – Kva manglar me?	Har de ein treng

Økonomi

Rekneskap 2023	31 470 975,-
Rekneskap 2024	33 775 657,-
Budsjett 2024	29 685 921,-
Budsjett 2024, utan SFO	25 464 612,-
Rekneskap 2024, utan SFO	29 993 114,-



Gjennomsnitts kostnad per elev eks. SFO, i 2024 (For skular som eit eller fleire barn med omfattande hjelpebehov er det gjort eit fråtrekk på 300 000,- per barn).

Bygningsmasse

Byggjeår	1970
Bruksareal	3166 m ²
	Teknisk tilstand Funksjonelt eigna Tilpassingsdyktig

Fargekodane er henta frå tabell 3-3 rapport frå Multiconsult: Barnehage- og skolebruksplan Voss herad

Andre tilhøve

Avstand til Gjernes	2 km.
Avstand til Gullfjordingen	1,9 km.
Tilhøve ved skulevegen	Lokalisert i Voss sentrum. Skuleåret 2024/2025 hadde 3% skuleskyss
Særlege tilhøve ved skulen	Praktisk læring på Vangen: - Musikkrom, tekstilrom og sløydsal vart oppgradert skuleåret 2023/2024 - Har naturfagsrom med utstyr. Rommet er gammalt og slitt, og vert i liten grad nytta. Ein hentar utstyr til foresøksundervisning og tar det med til klasserommet. - Nyttar Prestegardsmoen til uteskule. Jobbar med å setja uteskule i system, sett opp mot kompetansemåla for dei ulike klassetrinna. - Lærarane arbeidar aktivt med praktisk læring i den daglege undervisninga også inni klasserommet. Dei har også



	tverrfaglege dagar der undervisninga skjer på tvers av trinna (matematikkens dag, naturfagdagen og juleverkstad).
--	---

Tilbod og utvikling i skulekrinsen

Barnehagar i skulekrinsen	Klausabakken, Voss, Tvildemoen, Rogne og Hagahaugen barnehage
Tilknytting til andre tenester	Ligg midt på Vangen, med handelsnæring og vgs som næraste naboar.
Bustad og næring	Ligg midt på Vangen, med handelsnæring og vgs som næraste naboar.

Kartutsnitt skulekrets



Eit utdrag av tilbagemelding frå elevar, foreldre og tilsette

Innspel frå elevrådet

Korleis hadde de vore for dykk å bli slått saman med ein annan skule, eller byrja på ein ny og større skule?

Fordelar	Ulemper
----------	---------



• Om du har vener frå andre skular, t.d. Gullfjordungen, kan det bli kjekkare skulekvardag. • Fint for dei som startar frå 1.trinn på den nye skulen • Kjekt med stor skule • Enklare å få nye vener (fleire å velje i) • Det er god plass bak skulen og nedanfor Nain til å bygge på skulen • Fordel å slå saman skulen med andre skular som har elever ein kjenner frå før.	• Kan vere vanskeleg å plutseleg bytte skule. • Det er dyrt å bygge ny skule, og kanskje lærarane frå den gamle skulen ikkje vil bli med på den nye, så det trengst fleire lærarar • Større skule treng også større opphaldsrom for til dømes lærarar • Kan vere skremmande med så mange elevar for dei som startar i 1.klasse • Kan trenge større uteområde og fleire leikeapparat om skulen skal bli større (det vil også vera dyrt) • Utfordrande å få nye vener (allereie mange gjengar, kanskje du mister nokon av dei venene du hadde) • Urettferdig for dei elevane som må stå opp endå tidlegare for å reise langt til ny skule
---	---

FAU om fordelar og ulemper ved strukturendringar

FAU på Vangen skule har svara på tre mogleg tiltak:

Endra skulekrinsane: Eksempel med at dei som bur i Haugamoen kan gå på Gjernes skule i staden.

Fordelar	Ulemper
• Kan gjennomførast relativt raskt • Kan fylla opp skular som har ledig kapasitet, til dømes Gjernes skule	• Elevar vert rivne uta av sine venekrinsar • Elevar vil få lenger veg til skulen • Noko må kanskje ta buss, større miljøbelastning • Vil tiltaket gje noko kostnadsreduksjon? • Vil kvaliteten verta betre eller dårlegare i skulen? • Fare for at nokon skular vert lagt ned

Auka storleiken på Vangen skule, enten ved å ta inn fleire elevar (Eksempel med elevar frå Gullfjordungen) i bygningen som står der i dag, eller bygga på ein etasje på Høgskulebygget.

Fordelar	Ulemper
• Kan gjerast relativt raskt, det er plass til nokon elevar allereie i dag, kanskje auka til 280 elevar	• Det vert enno vanskelegare med uteareal som allereie er for lite og har for dårleg kvalitet



	• Bygging vil ta kring 2 år. På Vangen har ein nærast hatt samanhengande bygging siste 10 åra • Nokon skular må gje frå seg elevar og vert truleg lagd ned • Elevar vert rivne ut av sine venekrinsar
--	---

Bygga nytt skulebygg i sentrum for å samla fleire av dei næraste barneskulane. Då vil i så fall ungdomsskulen flytta inn i det nye bygget, og barneskulane inn i noverande ungdomsskule.

Fordelar	Ulemper
• Heradet får nokre ledige bygg dei kan selja men det er 5 år fram i tid. • Elevane som går på gamle skular får nye og betre bygg.	• Nokre elevar må ta buss, større miljøbelastning • Det vert ein veldig stor skule (500 – 600 elevar) • Tek truleg 5 år, så det vil ikkje hjelpa for Voss iPluss 2027 • Dyrt, heradet må ta opp lån • Skular vert lagt ned • Utfordrande med uteareal til 500 elevar x 50m², vert eit behov for 25.000m²